



Malene likar fjell som motiv

21 år gamle Malene Dekke Eik med mellomnamnet von Dieche vart den fyrste utstillar i Galleri Oska. I går kveld kunne verten Roy Lervåg ynskje henne velkomen til Uskedalens nye galleri. Rundt 20 kunstinteresserte kom og det gjekk ikkje lang tid før den unge og lovande Rosendalkunstnaren hadde seld fleire av dei 10 maleria sine som ho synt fram. Ho kan reise attende til studiestaden Melbourne i Australia i vissheten om å ha gjort det godt på heimebane. Malene spelar på fleire strengar, ho lik å blanda teknikkar og har også difor eit godt utgangspunkt.



[Fugl i akryl på lerret](#)

At ho skulle satsa på å verta kunstnar fekk ho ikkje klårt for seg før på vidaregåande, men etter eit år i Stavanger reiste ho til Melbourne i Australia som har vorte ein valfartsstad for mange lovande norske kunstnerspirar. Under eit

møte der for stutt tid sidan var 40 nordmenn til stades! Over helga er Malene på plass att der, men utstillingen i Uskedalen vert hengande 2 månader.

Den har teknikkane akryl, cyanotype, og monoprint på lerret og papir og Malene fortel til uskedalen.no at ho likar å eksperimentera og ikkje har nokon bestemt kunstnar som førebilete. Ho likar best å måla fjell-landskap og menneskje. Utdanninga er treårig og ho har att 2 år før ho kan venda heim.

Malene er full av ros til Roy for det nye galleriet.

Tekst, foto og nett Ola Matti Mathisen